

Naturvernforbundet Nordhordland
Hoplundssjøen 74
5943 Austrheim

2. januar 2018

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Klage på vedtak av reguleringsplan for bru over Masfjorden

Kommunestyret i Masfjorden vedtok i møte 28.11.17 å eigengodkjenne reguleringsplan for bru over Masfjorden.

På bakgrunn av mangefull konsekvensutgreiing (KU) og stor auke i klimagassutsleppa i strid med Klimaplan for Hordaland vedtok Naturvernforbundet Nordhordland på styremøte 20.12.17 å klaga på vedtaket. Vi meiner at saka ikkje er godt nok opplyst og at bruha har så store negative konsekvensar at prosjektet bør skrinleggjast. Subsidiaert bed vi om at det vert utarbeidd tilleggsutgreiing av regionale verknader som kjem kritikken frå Naturvernforbundet Nordhordland i møte.

Mangefullt vedtaksgrunnlag

Konsekvensutgreiinga frå ABO Plan & Arkitektur har følgjande utgreiingstema: Kostnader og finansiering (prissette konsekvensar) og trafikale forhold, landskapsbilete, nærmiljø og friluftsliv, naturmangfald, kulturmiljø, naturressursar og skipstrafikk (ikkje prissette konsekvensar). Temaet regionale verknader er vurdert som eige tema då desse verknadene ikkje vert fanga opp av dei prissette og ikkje prissette konsekvensane.

Naturvernforbundet Nordhordland er kritisk til manglande og utilstrekkelege analysar under temaet regionale verknader og den tilhøyrande skjønnsmessige positive vega som er gjort mot dei ikkje prissette negative konsekvensane for landskap, nærmiljø og friluftsliv, naturmangfald og kulturmiljø. Det er dessutan kritikkverdig at ikkje prissette konsekvensar ikkje vert vurdert i eit vidare perspektiv, dvs. konsekvensar ved opprusting av tilførselsvegane og då i sær Fv 570 Austfjordvegen.

Regionale verknader er ikkje dokumentert godt nok

Som største indikator på at tiltaket kan ha «vesentlige regionale verknader» er «vurderingane av framtidig, nyskapt trafikk» (s. 81 i KUen). «Trafikkvurderingane tilseier at dette vil kunne skje i stor grad. Det er rekna med ein trafikkmengd i opningsåret som er om lag 4 ganger enn dagens ferjetrafikk» (s. 81).

Under temaet er det ikkje gjort analysar som sannsynleggjer denne veksten. Det vert t.d. vist til at utpendlinga i Masfjorden i 2015 var på 422, men det er ikkje dokumentert kor mykje av denne pendlinga som går via ferja Masfjordnes-Duesund og kva potensialet er. Det er heller ikkje dokumentert kor mange arbeidsreisande internt i kommunen som nyttar ferja og også her kva som er potensialet. Regionale verknader for arbeidsreisande er difor vanskeleg å vurdera.

I KUen vert det framheva at Masfjordsambandet vil

- Binda saman Masfjorden kommune der ferjesambandet i dag er ein stor barriere for vidare utvikling og vekst
- Etablera ferjefri veg mellom Ytre Sogn (Gulen) og Knarvik/Bergen/E39 sør
- Etablera eitt ferjefri, gjennomgåande nord-sør samband som avlastning og omkjøringsveg for E39 og med dette redusera sårbarheita i transportnettet

I motsetnad til vurderinga av ikkje prissette konsekvensar, der både pluss og minus vert drøfta, er det ingen tilsvarende balansert diskusjon for temaet regionale konsekvensar. Drøftinga peiker eine og åleine på positive verknader. Etter Naturvernforbundet sitt syn svekker det truverdigheita til KUen på dette feltet og dei konklusjonane som vert trekte i samanstillinga.

Utvikling av Masfjorden kommune

Det vert i KUen hevdat at «tilgjenge til tenester, service- og fritidstilbod på tvers av fjorden er sterkt hemma av dagens kommunikasjonstilhøve med avhengigheit av ferje» (s.82). Påstanden vert ikkje dokumentert eller ytterlegare grunngjeve.

Vidare vert det sagt at Masfjordsambandet vil «leggja grunnlaget for å effektivisera offentlege tenester og utvikla eit betre tilbod til alle innbyggjarane i kommunen» (s. 82). Det ver ikkje utdjeta korleis dette kan skje, t.d. gjennom samanslåing og nedlegging av kommunale tenestetilbod, noko som kan ha både positive og negative verknader.

Regional utvikling i aksen Ytre Sogn/Gulen-Masfjorden

I KUen vert det hevdat at «Masfjordsambandet vil betra rammeføresetnadene for vidare utvikling av næringsverksemder i Masfjorden og Gulen. For Sløvåg-området er det visjonar om utvikling av nye verksemder og stor vekst i talet på arbeidsplassar» (s. 82). Det er ikkje utdjeta kvifor dette vil skje og kva verksemder det er snakk om.

KUen held fram: «Ferjefri veg vil òg betre grunnlag for innpendling til industriverksemder i Gulen og dette kan betre tilgangen på arbeidskraft». Også denne påstanden står utan grunngjeving.

Naturvernforbundet Nordhordland vil tvert om hevdat at innpendlinga via Masfjordsambandet sannsynlegvis vil halda seg låg og ikkje auka mykje. Grunnen er at både avstanden i km og reisetida fra befolkningstyngdepunktet som Knarvik, Frekhaug, Manger og Bergen er kortare via Fv 57 og ferjesambandet Leirvåg-Sløvåg.

Frå Knarvik til Sløvåg med ferje frå Leirvåg er det iflg. Gule Sider 45,1 km og reisetida er stipulert til 53 min. på god veg (Fv 57). Over Fv 570 Austfjordvegen og Masfjordnes er dei tilsvarende tala 72,9 km og 1t 5 min. på til dels dårlig, svingete og rasutsett veg. Masfjordbrua vil korta reisetida med om lag 5 min., men framleis vil sambandet via Leirvåg-Sløvåg spara pendlarane for tid og vera klart best økonomisk, i alle fall så lenge Masfjordbrua er finansiert av bompengar.

Den same argumentasjonen vil gjelda for nyttetrafikken, som over Leirvåg-Sløvåg til Sløvåg er betydeleg, og for den totale trafikken til Ytre Gulen inkl. næringsverksemderne og inkl. kollektivtrafikken.

Til slutt under dette avsnittet vert det hevdat at Masfjordsambandet kan «vere ein avgjerande faktor for framtidig kommunestruktur og samfunnsmessige gevinstar knytt til eventuelle endringar i kommunestrukturen». Kva kommunestruktur ein ser for seg og kva dei samfunnsmessige gevinstane består av, er ikkje utdjeta i KUen. Det vert heller ikkje sagt noko om evt negative konsekvensar, t.d. sentralisering av tenestetilbod og lengre reiseavstandar for folk i Masfjorden.

Omkøringsveg for E 39 – redusert risiko og sårbarheit

«Masfjordsambandet vil ha viktig overordna funksjon som del av eit tenleg omkøringsvegnett når E39 vert midlertidig stengt for trafikk. Dette vil redusera sårbarheten i transportsystemet og auka fleksibiliteten med omsyn til praktisk trafikkavvikling» (s. 83).

Heller ikkje dette punktet i KUen vert utdjeta og sannsynleggjort. Det vert ikkje lagt fram tal for stengingar av E 39. Dessutan meiner Naturvernforbundet Nordhordland at mange i staden vil nyta Fv 57 og Leirvåg-Sløvåg som omkøringsveg. Dette alternativet er godt tenleg, i sær ved stenging av E39 i nord.

Viktige regionale konsekvensar er ikkje vurdert

Med bru over Masfjorden og dei trafikkprognosane KUen presenterer for Leirvåg-Sløvåg, dvs. 30 % trafikkreduksjon ved bompengar på bruva og 40 % utan, må ein rekna med lågare rutefrekvens i på dette ferjesambandet. Det vil ha negativ effekt for all trafikk og særleg nyttetrafikken til Sløvåg og dei andre

næringsverksemndene i ytre Gulen. Denne trafikken er stor og vil sannsynlegvis nytta Fensfjordsambandet i lang tid framover sidan Fv 57 er både kortare og rimelegare å køyra og dessutan har mykje høgare standard. Risiko for redusert rutefrekvens mellom Leirvåg og Sløvåg og uheldige konsekvensar av det er likevel ikkje vurdert i den regionale konsekvensanalysen.

Det er heller ikkje konsekvensane for Austrheim vidaregåande skule, som hentar mange av elevane sine frå nordsida av Masfjorden og ytre Gulen. Om desse elevane får eit godt skulebusstilbod til Knarvik vidaregåande skule, vil det svekka elevgrunnlaget for skulen i Austrheim som har vore trua med kutt og nedlegging fleire gongar. Å mista elevar frå Gulen og Masfjorden kan vera kroka på døra.

Trafikkprognosene er basert på mangelfull regional analyse

Etter Naturvernforbundet Nordhordland sitt syn er dei regionale vurderingane i KUen så mangelfulle at dei ikkje gjev belegg for dei trafikkprognosane som vert presenterte i rapporten. Det gjeld i bompengeperioden i sær overføring av trafikk frå Leirvåg-Sløvåg (133 ÅDT) og frå E39 (140 ÅDT). I KUen er det ikkje sannsynleggjort at hovudtrafikken til Sløvåg og ytre Gulen i denne perioden vil skifta frå Fensfjordsambandet til Masfjordsambandet. Vi meiner heller ikkje det er belegg for å kalkulera med 140 ÅDT frå E39. Det er eit svært høgt tall som i KUen så langt vi kan sjå, ikkje har statistisk grunnlag.

Trafikken på ferja mellom Masfjordnes og Duesund vart i 2016 registrert til 158 ÅDT. Med bompengar reknar KUen med eit trafikkgrunnlag på om lag 650 ÅDT (2016-nivå). Etter Naturvernforbundet Nordhordland si vurdering er 500 ÅDT et meir realistisk tal og kan hende det også i overkant optimistisk.

Opprusting av tilførselsvegar må inn i KU-en

KUen seier klart og tydeleg at det er «behov for å utvikle tilførselsvegnettet slik at det er i stand til å handtere trafikkauken. Det vert lagt til grunn at ny bru og lokale tilførselsvegar vert dimensjonert for framtidig trafikkmengd og tilrettelagt for gåande og syklande» (s. 29). KUen held fram: «Ved sidan av dette er det stort behov for utbetring av Fv 570 på strekninga mellom Masfjordnes og kryss E39 i sør».

Regionale og lokale konsekvensar for landskap, biologisk mangfald, kulturminne, nærmiljø og friluftsliv vert i denne samanhengen ikkje vurdert. Det meiner Naturvernforbundet Nordhordland er kritikkverdig.


Fv 570 Austfjordvegen går gjennom fjordlandskap som Hordaland fylkeskommune har verdsett til «stor verdi». Vegen grensar dessutan inn til sårbare høgfjellsområde av «stor verdi» (Fjonfjella) og har inngangar til eit viktig regionalt friluftsområde. Dei sørvende områda inn mot FV 570 er registrert med til dels stort biologisk mangfald, m.a. bekkekløfter. Området er innskore og brattlend og vanskeleg å byggja veg i utan at det vert godt synleg i landskapet og nærmiljøet. Risikoene for store opne sår i konflikt med dei verdiane landskapet i Austfjorden har, er stor.

Sjølv om tilførselsvegane ligg utanfor sjølve reguleringsområdet, gjev bruprosjektet så sterke føringar for vidare utbygging av Fv 570 Austfjordvegen at dei lokale og regionale konsekvensane for natur, kultur og nærmiljø langsmed vegen må vurderast. Etter vårt syn har vegen stort konfliktpotensiale.

Særs negativt klimarekneskap

Hordaland fylkeskommune har bede Asplan Viak om å utarbeida klimabudsjetten for Masfjordbrua kontra drift med elferje som planlagd. Rapporten datert 10.11.17 syner at Masfjordbrua er eit svært därleg klimatiltak. CO²-utsleppa frå eldriven ferje er berre 3 % av utsleppa i scenarioet med hengebru, sjå figuren på neste side.

Figur 9 presenterer totale resultater for beregningsperioden på 40 år for scenario med hengebru og med elektrifisert ferjedrift.



Figur 9: Totale resultater for scenario med hengebru vs. scenario med elektrifisert ferjedrift.

I rapporten konkluderer Asplan Viak slik på s. 18:

Et scenario med bygging av hengebru er vurdert mot et scenario med videre drift av ferjeforbindelsen over Masfjorden med elektrifisert kabelferge. Totale estimerte utslipp er betydelig lavere for alternativet med elektrifisert ferjedrift. Kabelferjen er en enkel konstruksjon med relativt lite energibehov sammenlignet med brualternativet. I tillegg til at selve hengebrua er en materialintensiv konstruksjon med høye indirekte utslipp fra materialproduksjon til bygging, skapes det også en økt trafikkmengde som gir betydelig utslippsbidrag, samt at det må bygges tilkomstveier for brukkonstruksjonen.

Til tross for usikkerhet i ulike faktorer i klimabudsjettet er forskjellen mellom de to alternativene så stor at det skal svært mye til for å endre hovedkonklusjonen om at elektrifisert ferjedrift har et lavere klimafotavtrykk enn alternativet med hengebru.

Naturvernforbundet Nordhordland meiner klimabudsjettet frå Hordaland fylkeskommune og Asplan Viak syner eit klimafotavtrykk som er i strid med sentrale mål i Klimaplan for Hordaland. I planen er mål for transport formulert slik:

Klimagassutslepp frå vegtrafikk i Hordaland skal reduserast med 20 % innan 2020 og 30% innan 2030 i høve til 1991. Samla klimagassutslepp frå mobile kjelder skal i 2030 vere 30 % lågare enn i 1991, dette gjeld også for Hordaland fylkeskommune.

Å byggja Masfjordbrua vil bety å gå i stikk motsett retning og vil gje oppfylling av målet vanskelegare.

Konklusjon: Vedtaket i Masfjorden kommunestyre er ikkje godt nok fundamentert

I den avsluttande samanstillinga i KUen av ikkje prissette konsekvensar kjem hengebrualternativet og dei to flytebrualternativa negativt ut for både landskapsbilete, nærmiljø og friluftsliv, naturmangfold, kulturmiljø og naturressursar. Totalt endar kvar av dei to flytebruene på $\div 7$, medan hengebrua får $\div 6$. Hengebrua kjem likevel dårlegast ut landskapsmesseg. Denne siste vurderinga deler Naturvernforbundet Nordhordland. Flytebru står fram som det minst skadelege alternativet for natur og miljø.

Tabellen fangar ikkje opp dei trafikale og regionale vurderingane som er gjorde. Det må difor i den samanhengen «takast stilling til om dei verknadene eit brusamband vil ha i eit regionalt perspektiv veg opp for dei samla negative verknadene dei ulike brualternativa vil medføra» (s. 85 i KUen).

KUen konkluderer dermed slik:

Ferjesambandet er i dag vurdert til å vere ei stor barriere for vidare utvikling og vekst. Masfjordsambandet vil binde same Masfjorden kommune og etablere ferjefri forbindning mellom Ytre Sogn (Gulen) og Knarvik/Bergen/E39 sør. I tillegg vil eitt ferjefri, gjennomgåande nord-sør samband som avlastning og omkjøringsveg for E39 redusere sårbarheten i transportnettet.

I eit langsiktig perspektiv vil dette vere viktige rammeføresetnader for å utvikle næringslivet og stabilisere/auke folketallet. Trafikkanalysane syner eit potensiale for å fire doble trafikken mellom Masfjordnes og Duesund med fast vegsamband, og dette er ein indikator på at tiltaket vil gje store, positive regionale verknader.

Naturvernforbundet Nordhordland meiner det ikkje er sakleg grunnlag for denne konklusjonen, jfr. diskusjonen i avsnitta over, og at han er prega av därleg skjønn og ubalansert synsing. Vi påpeiker at regionale verknader ikkje er dokumentert godt nok og at trafikkprognosane difor er basert på mangelfull regional analyse. Vi meiner dessutan det er kritikkverdig at konsekvensar for natur og miljø ved opprusting av Austfjordvegen ikkje er innlemma i KUen og at vedtaket i Masfjorden kommunestyre ikkje tek omsyn til det svært negative klimabudsjettet for prosjektet slik det er lagt fram av Asplan Viak og Hordaland fylkeskommune. Vi meiner dette m.a. er i strid med Klimaplan for Hordaland.

Summa summarum meiner Naturvernforbundet at vurderingane av regionale konsekvensar er så laust fundamenterte at dei ikkje kan nyttast for å vega opp for dei samla negative verknadene dei ulike brualternativa vil ha. Kunnskapsgrunnlaget er etter vårt syn ikkje godt nok og fører til mangelfullt vedtaksgrunnlag. Det er dessutan kritikkverdig at kommunestyret i Masfjorden ikkje tek omsyn til dei regionale måla i Klimaplan for Hordaland i vedtaket sitt.

Primært vil Naturvernforbundet Nordhordland be om at Masfjordbrua vert skrinlagt og at 0-alternativet med elektrifisert ferje mellom Masfjordnes og Duesund vert prioritert. Subsidiært vil vi be om tilleggsutgreiing av regionale konsekvensar som kjem kritikken frå Naturvernforbundet i møte og som på ein langt meir balansert måte drøftar positive og negative konsekvensar med prosjektet.

Jan Nordø
Leiar
Naturvernforbundet Nordhordland

Kopi:
Hordaland fylkeskommune v. Samferdselsavdelinga